



# Sirdal kommune

Skuleeininga

## FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT

for elevar ved grunnskulane i Sirdal kommune

*Forskrift om ordensreglement er heimla i opplæringslova §2-9, og fastsett av Utval for oppvekst og levekår i Sirdal kommune 06.05.2015*

*Forskrifta trer i kraft 01.08.2015 og erstattar tidlegare ordensreglement ved den einskilde skulen i Sirdal kommune.*

*Forskrifta er eit viktig dokument i samband med oppfølging av opplæringslova §9a, om elevane sitt skulemiljø.*

### INNHALD

§ 1	Føremål.....	.....
§2	Verknadsområde.....	.....
§ 3	Elevane sine plikter. Arbeids- og læringsmiljø .....	.....
§ 4	Oppmøte og fråvær.....	.....
§ 5	Orden.....	.....
§ 6	Åtferd.....	.....
§ 7	Elevane sine rettar.....	.....
§ 8	Kontakt skule - heim .....	.....
§ 9	IKT-reglement.....	.....
§ 10	Konsekvensar for elevar som bryt reglane.....	.....
§ 11	Sakshandsaming ved bruk av refsingstiltak.....	.....
§ 12	Skulen sine tilleggsreglar.....	.....

## § 1 Føremål

Føremålet med reglementet er å fremja verdiar som læring, tryggleik, trivsel, respekt og toleranse, og å oppnå eit godt læringsmiljø for elevane. For å få dette til, treng me klare rammer.

Alle medlem av skulesamfunnet har ansvar for å bidra til eit godt skulemiljø. Ordensreglementet skal fremja god orden og åtferd, samt bidra til gode arbeidsvanar og leggja til rette for eit godt læringsmiljø.

Reglementet har føresegner om:

- Elevane sine rettar og pliktar, ut over det som opplæringslova med forskrift fastset
- Orden og åtferd
- Sanksjonar overfor elevar som bryt reglane, og framgangsmåten ved sakshandsaminga

Reglementet skal vera eit grunnlag for vurdering i orden og åtferd på alle trinn, jf. forskrift til opplæringslova §3-5:

**Forskrift til opplæringslova, § 3-5. "Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd.**

*Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skulen.*

*Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.*

*Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytta til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.*

*Vurderinga av orden og åtferd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag. I vurderinga i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.*

*Fråvær kan føre til nedsett karakter i anten orden eller i åtferd."*

## § 2 Verknadsområde

Reglementet gjeld for alle elevar ved grunnskulane i Sirdal kommune.

Reglementet gjeld på skulen sitt område i skuletida, på skulevegen og i det digitale rommet. Reglementet gjeld også utanfor skulen sitt område når opplæringa/aktiviteten blir gjennomført der og er i regi av skulen, til dømes på skuleturar. Dette gjeld så langt det ikkje er i strid med lokalt gjevne påbod eller forbod.

Rundskrivet "Ordensreglement Udir-8-2014" seier følgjande om verknadsområde (s.4):

*Når det kommer til mobbing eller andre krenkelser, vil grensene mellom skole og fritid kunne utviskes. Dette gjelder også for mobbing som skjer i det digitale rom. Selv om krenkelsene skjer utenfor skolens område og utenfor skoletiden, vil disse kunne sanksjoneres etter skolens ordensreglement dersom de har sterk nok tilknytning til skolen og skolemiljøet. Mobbing eller andre krenkelser som skjer utenfor skoletiden og som er foranlediget av skolesituasjonen eller setter preg på den, vil derfor kunne omfattes av ordensreglementet. Dette kan f.eks. være trusler som har direkte betydning for elevens skolehverdag.*

### § 3 Elevane sine plikter. Arbeids- og læringsmiljø

Alle har ansvar for å bidra til eit godt skulemiljø. Plaging, mobbing, vald eller anna krenkjande åtferd skal ikkje førekoma.

- a. Eg viser omsyn og respekt. Ingen må haldast utanfor. Me tillèt ikkje diskriminerande og/eller rasistiske utsegner og handlingar.
- b. Eg bidreg til arbeidsro i timane, og viser respekt for undervisinga. Eg rekker opp handa og ventar på tur.
- c. Eg slåss ikkje.
- d. Eg bannar ikkje og brukar ikkje anna grovt språk eller kommentarar og kallenamn.
- e. Eg øydelegg ikkje for andre.
- f. Eg brukar ikkje mobiltelefonen i skuletida utan etter avtale.
- g. Eg har ikkje lov til å ha med eller eta snop, brus og tyggegummi utan etter særskild avtale.
- h. Eg har ikkje lov til å ha med eller bruka tobakk og rusmiddel på skulen.
- i. Eg har ikkje lov å ha med eller bruka smellsaker, tennsaker, kniv eller andre farlege gjenstandar på skulen.
- j. Eg følgjer reglar om bruk av verneutstyr som til dømes bilbelte, refleksvest og sykkelhjelm.
- k. Eg viser fin framferd på skulevegen og i skulebussen.

### § 4 Oppmøte og frávær

Det er viktig for læringa til elevane at dei er på skulen og deltek i undervisinga. Stort frávær kan få negativ effekt på kor mykje dei klarer å læra.

- a. Eg møter presis til timar og avtalar.
- b. Om ein elev på 1. - 4.trinn på grunn av sjukdom eller av andre årsaker ikkje kan møta på skulen, skal skulen ha melding så tidleg som mogleg den første fráværsdagen.
- c. Dei føresette brukar meldeboka for å grunngje fráværet når ein elev har vore borte frå skulen.
- d. Planlagt frávær på over ein dag skal søkjast på eige skjema. Skjemaet ligg på skulen si heimeside. Frávær inntil ein dag kan søkjast i meldingsboka.
- e. Frávær som ikkje er dokumentert, blir rekna som ugyldig. Ugyldig frávær er ein del av vurderinga når karakter i orden skal fastsetjast.
- f. Elevar på ungdomssteget kan etter søknad få ti (10) dagar i fråtrekk på registrert frávær, etter reglar som er nærare gjort greie for i §3-41 i forskrift til opplæringslova.

### § 5 Orden

God orden i mellom anna eigne saker og skulen sin eigedom bidreg til godt læringsmiljø.

- a. Eg tek godt vare på alt som høyrer til skulen og medelevar.
- b. Eg held skulen sitt område reint og ryddig.
- c. Eg brukar ikkje utesko inne på skulen.
- d. Eg møter fram på skulen i rett tid.
- e. Eg har med meg naudsynte læremiddel og utstyr.
- f. Eg gjer arbeidet eg blir pålagt, så godt eg kan og til rett tid.

### § 6 Åtferd

Elevane si åtferd er viktig for å skapa eit godt læringsmiljø prega av respekt, toleranse og likeverd.

- a. Eg oppfører meg fint i friminutta, og tar spesielt omsyn til dei som er yngre.
- b. Ser eg erting/plaging eller liknande, rapporterer eg det til ein lærar/vaksen snarast.
- c. Eg gjer ikkje noko som kan skada eller krenkja folk rundt meg.
- d. Eg skadar ikkje eller øydelegg noko som høyrer til andre.
- e. Eg juksar ikkje på prøver og innleveringar.
- f. Eg går ikkje utanfor skulen sitt område utan avtale med lærar.
- g. Eg rettar meg etter det vakta seier.

## § 7 Elevane sine rettar

Elevane har mange rettar som går fram av opplæringslova og forskrift til opplæringslova. Desse rettane omfattar til dømes rett til opplæring, rett til vurdering og rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø.

Desse rettane blir ikkje skrivne inn i lokal forskrift om ordensreglement, men gjeld like fullt.

- a. Elevane har rett til å gje uttale om forhold som er viktige for skulekvardagen deira.
- b. Elevane har rett til å nytta undervisingstid til å drøfta saker som gjeld dei.
- c. Elevrådet har ei oppslagstavle dei kan nytta til sine formål.

## § 8 Kontakt skule - heim

Det er viktig at ein søker å skapa gode samarbeidsformer mellom skule og heim. Skulen skal halda kontakt med føresette. Kontaktlæraren er det næraste bindeleddet mellom skule og heim.

## § 9 IKT-reglement

IKT er ein viktig reiskap i skulen. Bruken av denne reiskapen skal bidra positivt i læringsarbeidet.

- a. IKT-utstyr og nettverk skal berre brukast i faglege samanhengar på skulen.
- b. Avtale om bruk av elev-pc vert inngått mellom elev/føresett og skulen. Elevane rettar seg etter denne avtalen.
- c. Kvar einskild skule kan ha eigne reglar for bruk av IKT-utstyr ut over det som er regulert i avtalen. Desse inngår då i §12 i denne forskrifta.

## § 10 Konsekvensar for elevar som bryt reglane

Brot på reglementet vil føra til reaksjonar mot eleven i form av refsingstiltak og/eller andre tiltak. Bruk av refsingstiltak skal skrivast ned. Foreldre/føresette må informerast om hendinga og reaksjonen snarast mogleg.

### ***Konsekvensar av brot på reglementet (refsingstiltak/andre tiltak) kan vera:***

- Tiltale frå tilsette ved skulen.
- Åtferdsmerknad og/eller ordensmerknad.
- Mellombels inndraging av gjenstandar. Mobiltelefon kan dragast inn i inntil ein skuledag.
- Nedsett karakter i orden og/eller åtferd.
- Ved skade og liknande på skulen sin eigedom, kan eleven bli pålagt å gjera reint/reparera, eventuelt å betala erstatning (jamfør skadeserstatningslova).
- Ein elev kan flyttast til ein annan skule av omsyn til dei andre elevane.
- Ein elev kan haldast igjen etter skuletid. Lengda må stå i forhold til reglementsbrottet. Det må vera eit faktisk formål med å halda eleven igjen. Det må bli tatt omsyn til forhold knytta til reiseveg.
- Straffbare forhold som skjer på skulen sitt område, blir melde til politiet.

### ***Bortvising etter opplæringslova § 2-10:***

Bortvising er når eleven vert send ut av opplæringa i ein kortare eller lengre periode.

- Elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisinga for enkelttimar eller for resten av dagen.
- Elevar på årstrinn 8-10, som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisinga i inntil tre dagar.
- Før bortvisingsvedtak blir fatta, skal ein ha vurdert å bruka andre hjelpe- eller refsingstiltak.
- Lærarane har mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervising for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.

- Rektor gjer vedtak om bortvising for meir enn to (2) klokkeimar, etter å ha rådført seg med lærarane til eleven.

#### ***Flytting av elev etter opplæringslova § 8-1:***

- Eit vedtak om flytting av ein elev av omsyn til dei andre elevane kan fattast når det er naudsynt.
- Før eit vedtak om flytting blir gjort, skal andre tiltak ha vore prøvde.

#### **§ 11 Sakshandsaming**

Sakshandsaminga ved brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova §2-9, samt sakshandsamingsreglane i forvaltingslova, kap.III - kap. VI ved enkeltvedtak.

Før det blir teke avgjerd om refsing, mellom anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklara seg munnleg for den som skal ta avgjerda. Før bortvisingsvedtak blir fatta, skal ein ha vurdert å bruka andre hjelpe- eller refsingstiltak.

Bortvising for mindre enn ein dag er ikkje å rekna som eit enkeltvedtak og kan ikkje klagast på.

Bortvising for meir enn ein dag er eit enkeltvedtak, og eleven/foreldra har rett til å klaga på vedtaket. Klageinstans er Fylkesmannen i Vest-Agder.

Vedtak om flytting av ein elev til ein annan skule er eit enkeltvedtak, og eleven/foreldra har rett til å klaga på vedtaket. Elevar/foreldre har dermed rett til dokumentinnsyn, partsuttale og å kunna klaga på eit vedtak i samsvar med forvaltningslova. Klageinstans er Fylkesmannen i Vest-Agder.

#### **§ 12 Skulen sine tilleggsreglar**

*Rektor fastset tilleggsreglar etter drøfting i skulen sine råd og organ.*

*Reglane blir skrivne inn i denne forskrifta av den einskilde skulen.*

*Reglar som er laga under denne paragrafen, må òg innehalda konsekvensar/tiltak ved brot.*